# KONTROLLUTVALET I VÅGÅ

## INNKALLING

| Møtedato: | Klokka: | Møtestad: |
|---|---|---|
| 20. november 2018 | 1000 | Vågå kommunehus |

**Medlemmane** blir med dette innkalla til møtet som nemnt ovanfor. Dette gjeld:

- Ove Turtum
- Bjula Marie Ulsletten
- Ola Aarvik

Evt. forfall må snarast meldast til sekretæren, Morten Sørhage, tlf. 469 11018 eller e-post morten.sorhage@lom.kommune.no

**Varamedlemmane** møter berre etter nærmare varsel. Dette gjeld:
- Ronny Andersbakken Fresvik
- Ivar Valdvik
- Ragnhild Snerle

**SAKLISTE:**

| **Sak nr.** | **Saka gjeld:** |
|---|---|
| | Innkalling, sakliste<br>Protokoll frå siste møte |
| 25/2018 | Orienteringar |

Lom,7. november 2018
for Ove Turtum

Morten Sørhage
Sekretær kontrollutvalet

Kopi av innkallinga med sakliste blir også sendt til:
- Ordførar
- Administrasjonssjef
- Innlandet Revisjon IKS
- Presse

**VÅGÅ KOMMUNE**
**KONTROLLUTVALET**

# MØTEBOK

| ARKIV | SAKSBEHANDLAR | MØTEDATO | ORGAN | SAK NR. |
|---|---|---|---|---|
| | Morten Sørhage | 20. november 2018 | Kontrollutvalet | 25/2018 |

ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

**Innrapportering av psykisk utviklingshemma**
I den siste tida har media slege opp saker der kommunane har brukt ekstern konsulent (Sødermann) ved innrapportering av psykisk utviklingshemma. I samanhengen har det vore stilt spørsmål ved klassifisering av desse og avtalene med konsulent. Rådmannen stiller i møte med orientering om desse tilhøva.

**Tilsynsrapportar**
Kommunal verksemd er underlagt kontroll frå statlege tilsynsmynde, som Fylkesmann og Mattilsynet. Rådmannen legg fram kva tilsynsrapportar Vågå kommune har hatt for evt. vidare vurdering.